

Stølsheimen verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Trondheim, 15.12.2015

Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde - fagleg gjennomgang.

Vi viser til brev dagsett 9. november 2014, der Stølsheimen verneområdestyre har oversendt forvaltningsplanen for Stølsheimen landskapsvernområde til fagleg gjennomgang. Miljødirektoratet har gått gjennom utkastet til forvaltningsplan. Forvaltningsplanen er ryddig og virker godt gjennomarbeida, og er innanfor rammene av forskrifta for verneområdet. Vi har nokre kommentarar til forvaltningsplanen. Sjå også kommentarar sendt over i pdf per e-post 3. desember 2015.

- Namngiving på sentrale styresmakter må gjeres om slik at dagens tittel blir brukt på Miljødirektoratet og Klima- og miljødepartementet. Dersom det blir referert til eit skriv/vedtak eller liknande gitt før namneskifte fant sted, skriv «dåverande».
- Kap. 6.2, Bevaringsmål bør omtalast og definerast. Samtidig må Fagsystemet for verneområder NatStat omtalast. Sjå <http://natstat.miljodirektoratet.no/>
- 6.4.3, Tiltaksplan. Nokre av tiltaka som er lista opp i forvaltningsplanen er ikkje å rekne som tiltak. Dette gjeld til dømes som å betre registrering av naturtypar i området, eller å drive aktivt oppsyn med motorferdsle i området. Nokre av dei føreslegne tiltaka er betre eigna som forvaltningsmål. Tiltak bør vere konkrete oppgåver forvaltningsstyresmaka skal utføre på konkrete stader i eit gitt tidsrom, som til dømes å sette opp skilt ved ein konkret innfallsport, ikkje at ein skal sette opp skilt generelt. I tillegg bør ein prioritere mellom dei. Ein kan med fordel velje å lage ein eigen tiltaksplan som kan vere eit vedlegg til forvaltningsplanen, slik at den enkelt kan bli revidert og oppdatert.
- Kap. 6; Boksar med retningslinjer: Skil mellom det som er direkte tillat og det som må søkast om. Ein bør også vise til heimel under kvar retningsline. Vurdere å sortere tematisk under dei ulike retningslinjene.
- Kap. 6.8, Organisert ferdslø er ikkje regulert i forskrifta verken knytt til friluftsliv eller reiseliv. Tekst om dette bør bli sletta og retningslinjene oppdatert.
- Bygningar er omtalt fleire stader i planen i staden for at det er ein eigen brukarinteresse. Det er ikkje satt noko retningslinjer for storleik på tilbygg osv. Sakene må handsamast etter § 48, men er eit typisk tema som kan være aktuelt i område med gamal forskrift, så dette kan med fordel bli omtalt.
- Kap. 6, Sakshandsaming. I dette kapittelet må ein oppdatere kven som er klageinstans osv. Klage skal nå sendast til Miljødirektoratet, som fattar endeleg avgjerd i klagesaken. Miljødirektoratet sitt vedtak kan ikkje påklagast. Sett også inn at alle vedtak skal registrerast i miljøvedtaksregisteret.

Miljødirektoratet har med dette fagleg godkjend forvaltningsplanen for Stølsheimen

landskapsvernområde med dei endringane som er nemnde i dette brevet, og kommentarar som er oversendt per e-post. Forvaltningsplanen kan dermed bli sendt ut på offentlig høyring.

Helsing
Miljødirektoratet

Dette dokumentet er elektronisk godkjend og har derfor ingen signatur

Olav Nord-Varhaug
seksjonsleiar

Marie Lier
seniorrådgjevar